

Bak andletet smiler skjelettet. Kronisk.

Ei lita kritikk av boka «Kunsten og døden, en bruksanvisning» av Kjetil Røed (Res Publica, 2021)

Døden er kanskje noko av det mest banale me har. Difor fører det med seg ei slags risiko å skrive bok om temaet. Ein kan falle i mange grøfter, og graver, utan å nødvendigvis kome fram til ei djupare forståing. Døden er kanskje rommet som er fylt opp med flest teoriar, og minst grad av faktisk kunnskap. Somme seier at det ein ikkje veit, har ein ikkje vondt av...

Om ein skulle sjå på døden frå berre eit perspektiv, hadde den blitt for flat. Eindimensjonal. I boka «Kunsten og døden, en bruksanvisning» reflekterer Kjetil Røed kring temaet frå ulike innfallsvinklar. Han knyt saman kunsten, teorien, og personlege erfaringar, på måtar som får fram opningar kor ein kan sjå glimt av noko anna. Det ligg noko *mellom* alle innfallsvinklane i boka. Mellom linjene, og mellom logikkane. Noko som hadde blitt borte, om ein skulle ha smalna inn omfanget. Det er likevel bra at boka ikkje er tjukkare, og meir utfyllande. For det hadde vore lite generøst av Røed å fullføre alle tankerekkjeve åleine. Boka inviterar til å tenkje vidare sjølv, og til å diskutere vidare med andre. Difor har han atter ei gong skrevet ei bok som eignar seg godt til å lese saman med nokon. Boka blir ein slags guide, fullstappa av utgangspunkt for mentale turar, omvegar, villspor, og samtalar. Måten han skriv, gjev òg rom for refleksjonar kring kor vidt ein kan separere kunsten frå livet, frå eksistensen, erfaringa, og måtane ein prøver å forstå ting.

Livet, er ein kronisk veg mot døden. Det ukjente. Det ligg ei slags evig tilstadeverande død, i kvardagen. For ein veit hverken kva døden eller morgondagen bringer med seg.

Det går ein sti gjennom boka. Ein sti innover vidda. Langs denne stien får me ta del i vandringa for å spre aska etter onkelen til forfattaren. Her får me møte eit menneske som har blitt borte, på ein måte som under lesinga, fekk meg til å leggje betre merke til dei som står meg nær. Utfrå hovudstien i teksten, går fleire stiar. Stiar som ikkje blir fullført, men som lesaren kan vandre vidare langs. Stiar som går innover fjellet, inn i teoriar, inn i gallerirommet kor kunsten bur, og forfattaren sine refleksjonar kring eigen død. Mellom vardar og mose finn Røed samanhengar mellom døden og kunsten, litteraturen, samfunnet, og filosofien. Livet. Og fellesskapet som oppstår når ein deler personlege erfaringar kring det å miste nokon.

Her kjem han òg inn på barn si bruk av «overgangsobjekter», t.d ein teddybjørn som barn kan bruke til å lagre emosjonar i (referanse til barnepsykolog og psykoanalytiker D.W. Winnicott). Dette er ein måte å plassere vanskelege kjensle ein trygg stad utanfor kroppen. Røed skriv vidare om korleis kunstverk kan fungere på liknande måte, for så å gjere vanskelege tema lettare å snakke om.

I boka kan me òg lese om korleis samfunnet relaterar seg til alderdom og død, og om det å leve med døden. Her kjem Røed òg inn frå ulike perspektiv; det å vere barnlaus, kor ei kanskje møter forventningar utanfrå i relasjon til det å føre slekta, og genene vidare. (Kvifor blir det sett som egoistisk av somme, å la vere å få barn, når det kanskje er motsatt?)

Han skriv òg om kroppen sine teikn på aldring, og korleis ein ofte prøver å skjule dette. Alderdom blir av somme sett som ein slags sjukdom. Noko ein må prøve å unngå. Noko ein helst skulle hatt ei medisin mot.

Han skriv om rutiner i livet. Kvardagar. Tid som går. Han nemner òg at når menneske no lever lengre, vil alderdomen utgjere ein større del av livet. Han skriv om bevisstheita om at livet ein dag er over. Kanskje må ein hugse døden, for å kunne gripe betre tak i livet med begge hender. Her trekkjer han inn stoisk filosofi, som kanskje er ei vesentleg ingerdien i skillnaden mellom å leve, og å vere levande.

Alt og alle som lever skal dø, så det er liksom ikkje noko unikt. På same tid er både livet, og døden, kanskje det mest komplekse ein kan oppleve. I denne boka finn eg mange trådar som liksom er festa under huden. Noko som heng fast i eksistensen. I kroppen. Trådar eg kan følge etter ut i livet. I kvardagen. I samtalar, og i kunsten.

Djupt inne i kroppen bærer me alle med oss skjelettet. Vårt personlege 3D-bilete av vår eigen død. Og, det er dette indre bilete av døden som held oss oppe gjennom livet.